



Referat


Kommunalsjefgruppa - helse og omsorg i Nordhordland

Møte: Møte 6 - 2016
Dato/tid: 07.september kl. 09 - 14:30
Stad: Møterom Regionrådet
Til stades: Helga Ellingsen, Ingebjørg Søreide, Kristin Rud Myking, Oddvin Neset, Leni , Grete Herøy, Helge Kvam, Grethe Fosse(frå kl. 11.30) og Anne Hildegunn Færøy
Ikkje møtt: Olav Mongstad
Møteleiar: Helga Ellingsen
Referent: Anne Hildegunn Færøy

Saksliste:

Saksnr	Saker	V
32/16	Godkjenning av innkalling og saksliste Godkjent utan merknader	V
33/16	Godkjenning av referat frå møte 5-2016, 17.juni Godkjent utan merknader	V
34/16	<p>Orientering om endringar ved NLV</p> <p>Rådmann i Lindås orienterte om endringar i leiinga ved legevakta og ved sengeposten(ØHD). Legevaktsjefen har gått ut i eitt års premisjon. Pia Kloster er tilsett som vikar for legevaktsjefen, og overtar som legevaktsjef 19.september. Samtidig har overlegen for ØHD sagt opp stillinga si, og Willy Raa Davidsen er midlertidig tilsett i stillinga fram til nyttår.</p> <p>Vidare orienterte rådmannen om at det har vert ein periode med svært lavt belegg på sengeposten. Dette saman med at kriterier for innlegging og behandling i ØHD kan bli endra - kan medføre endringar i bemanninga ved sengeposten.</p> <p>Det vart stilt spørsmål ved korleis rutinane er ved melding av avvik frå kommune til legevakta og ØHD. Korleis vert avviksmeldingar handtert?</p> <p>Det er semje om at gjennomgang og handtering av avvik bør setjast inn som eit fast punkt på saklista til Administrativ nemnd. Dette blir meldt vidare til leiinga ved NLV.</p> <p>Gruppa etterspør budsjett for NLV og ØHD for 2017, og ber om å få det førelagt. Rådmann viser til at budsjett for 2017 ikkje er klart enda. Det er ikkje er meldt om anna auke enn det som er vanlege årlege justeringar. Adm.nemd vil få førelagt budsjett for neste å så snart det er klart.</p> <p>Vidare vart det gitt ei kort orientering om endringar i Lindås kommune sine tenester i Helsehuset. Med bakgrunn i at Lindås, Meland og Radøy skal slåast saman er det behov for å auka arealet til nokre av tenestene som skal lokaliserast i huset. Det har vert ein prioriteringsdiskusjon for å sjå på kva løysingar som er best på kort og lengre sikt. Alternative løysingar er diskutert med ordførarar og rådmenn i dei tre kommunane. Det er semje om at korttids plassane som Lindås skulle ha i Helsehuset blir tatt ut av bygget. Dette for å gjere plass til auka arealbehov for andre tenester. Korttids plassane som var planlagt kan komme i eit framtidig bygg på nabotomta som er eigd av Lindås kommune.</p> <p>Det vert presisert av sengerom til ØHD vert verande i bygget.</p>	O

35/16	<p>Oppfølging av forslag i Primærhelsetenestemeldinga og Oppgåvemeldinga mv - høyringsinnspel</p> <p>- oppfølging av sak 30/16</p> <p>Hovudsignala i Primærhelsetenestemeldinga er at vi vil få ei tydlegare ansvarsdeling mellom helsenivåa, og eit tydelegare krav om å planlegga for meir heilskaplege tenester. Vidare ser ein at det vert eit meir tydeleg krav til ulike profesjonar og krav til kompetanse. Det skal arbeidast i team - primærhelseteam og oppfølgingsteam. Særlege satsingsområde som er trekt fram er;</p> <ul style="list-style-type: none"> - Barn og unge - Psykisk helse og rus - Habilitering og rehabilitering - Forsterka tiltak omsorg 2020 - Kronisk sjuke og brukarar med store og samansette behov - Eigne kapittel om tenester til utsette for vald og seksuelle overgrep, den samiske befolkninga, innvandrarar, innsette i fengsel - Tannhelsetenester <p>Grethe Fosse har utarbeidd eit notat som skisserer hovudtrekk i meldinga. Dette er vedlagt referat.</p> <p>Det er ingen kommunar som så lang har utarbeidd noko uttale til høyringsbrevet. Lindås skal sjå på saka og vurdere ei evt.uttale.</p> <p>Konklusjon:</p> <p>Det er semje om at uttalar som vert utarbeidd skal delast, og at andre eventuelt kan slutta seg til uttalen eller legge den til grunn for eiga uttale.</p>	
36/16	<p>Legetenesta i kommunane - noverande og framtidige utfordringar og muligheter.</p> <p>Grethe Fosse presenterer problemstillingar knytt til noverande og framtidige utfordringar vedr. legetenesta i kommunane og viste til at Fagrådet for kommuneoverlegar har drøfta dette i møte og komme med ei tilråding vedr. vidare arbeid med dette temaet. (Utdrag av referat er vedlagt).</p> <p>Vidare var det vist til at dette må sjåast i samanheng med Prosjekt om utdanningsstillingar i primærhelsetenesta(ALIS) og rapport frå KS FoU- <i>Kommunal legeteneste - kan den ledes?</i>(Vedlagt)</p> <p>Med utgangspunkt i presenterte utfordringar, prosjekt om Utdanningsstillingar og KS rapporten kan det vere hensiktsmessig å vurdere ein felles plan for legetenesta i regionen. Utval for helse og omsorg skal drøfte dette på sitt møte i september.</p> <p>Konklusjon:</p> <p>Kommunalsjefgruppa dette til orientering.</p>	<p>D</p>  <p>Utdrag av REFERAT FAGRÅD KOMMUNEO</p>  <p>Sluttrapport Kommunal legetjenes</p>
Kl. 11 - 12	<p>Lunsj og «open time»</p> <p>1. Støttekontakt - rettar og plikter</p> <p>Er støttekontakt å sjå som arbeidstakar med rett til fast jobb, og dei rettar og plikter som følgjer med dette?</p> <p>Grete Herøy har snakka med KS angående nye krav ved tilsetjing/avtalar med støttekontakt. Kommunane skal få eit rundskrivet om dette.</p> <p>Konklusjon:</p> <p>Gruppa tilrår at kommunane held seg til gjeldande retningsliner inntil KS kjem med nærare informasjon om dette.</p> <p>3. Rett til sjukeheimplass eller tilsvarande, skal heimlast i lokal forskrift</p> <p>Den 13. juni 2016 vedtok Stortinget lovendringer i pasient- og brukerrettighetsloven og helse- og omsorgstjenesteloven om rett til opphold i sykehjem eller tilsvarende bolig særskilt tilrettelagt for heldøgns tjenester – kriterier og ventelister. Grunnlaget for lovvedtaket er Prop. 99 L (2015-2016) og Innst. 372 L (201-2016).</p> <p>Fylkesmannen har sendt melding til kommunane vedrørende dette, og viser m.a til at; «<i>Når det gjelder lovendringene knyttet til kommunale kriterier og ventelister må kommunene gis tid til å utarbeide, gjennomføre høring og vedta kommunale forskrifter med kriterier for tildeling av langtids plass i kommunen og på andre måter innrette seg etter lovkravene før pasientenes og brukernes rettigheter ikraftsettes. ..()</i> Målet er å få hele ordningen i kraft i løpet av 2017.»</p>	D

	<p>Det vert stilt spørsmål om dette inneber at kvar kommune skal lage eiga forskrift - eller om dette er noko kommunane kan samarbeid om. Det vert også stilt spørsmål om Fylkesmannen si rolle i dette arbeidet.</p> <p>Fagrådet for PLO skal drøfte korleis kommunane kan handtera pålegget. Kan vera nyttig å få ein status for korleis dette vert handtert i dei ulike kommunane.</p> <p>Dette kan vere eit utgangspunkt for å vurdere om kommunane skal samarbeide om å utarbeide ei slik forskrift.</p> <p>Konklusjon:</p> <p>Grappa tilrår at ein ventar med å starte arbeidet med utarbeiding av lokal forskrift til ein har fått ein enkel statusrapport som viser likheter og ulikheter i kommunane, og det er vurdert om dette er noko kommunane kan gjere i fellesskap.</p> <p>4. Avviksmelding - nytt skjema skal takast i bruk frå 1.november - felles løft.</p> <p>Anne Hildegunn gav ei kort orientering om at det er utarbeidd nytt skjema for melding av avvik mellom kommune og sjukehus vedr . oppfølging av samarbeidsavtalane. Skjema vert gjort tilgjengeleg på www.saman.no. Alle dei fire Samarbeidsutvala i Helse Bergen føretaksområde er samde om at nytt skjema skal takast i bruk frå 1.nov d.å og at partane skal sikra interne rutinar for melding, mottak og handsaming av avviksmeldingar. Det er semje om eit felles «løft» for å bli betre på å melde avvik ved brot på avtalane eller uønska hendingar i samarbeidet.</p> <p>Kommunane etterspør rutinar for å sikre at det vert sendt tilbakemelding ifht meldte avvik. Det er behov for å få direkte tilbakemelding til melder frå dei som har fått meldt avvik på seg. Anne Hildegunn melder dette tilbake til SSE og ber om at det blir tatt inn i retningslinene/rutinane for ordninga.</p> <p>5. Ny Samhandlingssjef på Haraldsplass, Gunn Glimsdal.</p> <p>Ho har meldt eit ønske om å møte alle kommunane. Det kan også vere nyttig at Anne Hildegunn er med og møter tilsette og leiarar i alle kommunane.</p> <p>Grappa ser at dette kan vere nyttig, og ber om at eit slikt møte rettar fokus på samarbeidet mellom kommunen og sjukehus.</p> <p>6. Grappa ønskjer å planlegge for eit lunsj til lunsjmøte.</p> <p>Semje om at grappa tar eit slikt møte i desember, og vil be Olav sjekke om det er mulig å få dette til på Austrheim - Kjelstraumen Vertshus 1.- 2. desember.</p>	
Kl. 12 - 14	<p>Prosjekt psykisk helse og rus</p> <p>Sjå eige referat frå denne delen av møtet.</p>	
37/16	<p>Innspel til prioriteringar i Handlingsplan 2017 for samarbeid mellom kommunar og helseføretak</p> <p>Anne Hildegunn informerte om arbeid med Handlingsplan, og at det er sendt ut eit brev til postmottaka i kommunane der ein ber partane om å melde inn kva tema og konkrete tiltak ein ønskjer å prioritere i neste års plan.(vedlagt)</p> <p>Innspel kan gjelde temaområde og/eller konkrete tiltak. Dei som kjem med innspel må grunngje kvifor innspela bør vere ein del av handlingsplanen.</p> <p>Kommunane melder sine forslag tilbake til kommunal representant i SSE(Anne Hildegunn).</p> <p>Kvar av kommunalsjefane følgjer dette opp i eigne kommune.</p>	 Førespurnad til partane.docx
28/16	<p>Endra kommunestruktur - påverkar det samarbeidet i dette fora?</p> <p>Ørjan deltok på i denne saka.</p> <p>Diskusjon om korleis det interkommunale samarbeidet vil bli vidareført - både samarbeidsfora og ifht tenester som kommunane samarbeider om.</p> <p>Dette blir tema i arbeidet med samanslåinga av dei tre kommunane. Det skal gjennomførast ein gjennomgang og evaluering av alt interkommunalt samarbeid.</p> <p>Kan sjå ut som dei små kommunane kan bli enda meir avhengig av å samarbeida i framtida - særleg med tanke på nye oppgåver som blir overført til kommunane.</p> <p>Dette er eit tema som grappa må komme tilbake til når ein har komme lenger i arbeidet med samanslåingsprosessen.</p>	